

Låt o' Link

Nummer 2

april 2007

Årgang 17



*Nokre kjem, og nokre går: Alice Gudheim vart ny leiar i Valdres Folkemusikk-
lag på årsmøtet 17. mars, etter Oddrun Hegge, som har vore leiar i fem år.
Aud Søyland gjekk òg ut av styret. Fotograf: Solveig Hårdnes*

- ***Over og ut for Lokalkappleiken og Runddansstemnet?***
- ***Dansen sitter inte i kläderna***
- ***Alice Gudheim: ingen over, ingen ved sida***
- ***Songen hennar Anna***
- ***Søk på folkemusikkmidlar!***
- ***Ingunn Bjørgo siktar mot stjernene***

KJÆRE LESAR!

I skrivande stund har eg ikkje vore leiari ei heil veke enno. Det er både med skrekk og glede at eg overtek roret etter Oddrun. Skrekken er at lista er lagt svært høgt. Oddrun har styrt skuta med fast og smidig hand og gjort Valdres Folkemusikklag til ein særskild velfungerande organisasjon. Og her ligg også glede i å overta etter henne. Her er det orden i sysakene, arka er reine og blyantane spissa. Ein stor takk til Oddrun og alle gode hjelpearar ho har hatt med seg!

Som fersk leiari er det naturleg nok mykje eg enno ikkje veit og kan. Men etter fylkesleiarmøtet i Oslo har eg forstått noko viktig. Når ein samanliknar seg med mange andre fylkes- og regionlag, blir det svært tydeleg at Valdres Folkemusikklag står uvanleg sterkt. Aktivitetsnivået og mangfaldet i laget er heilt eineståande i landsssamanheng! Dette skal vi vera stolte over.

Store og tunge saker har nødvendigvis teke mykje merksemd den siste tida. Heldigvis har Oddrun fossrodd i land både landskappleik-saka og saka om distriktsmusikarordninga.

I tida framover ynskjer eg å bruke kreftene på det som står oss aller nærast: lokallaga. Vi veit at fleire av laga slit med økonomi, aktivitetsnivå og med å finne folk til styra sine. Vfl skal vera ein inspirator og støttespelar for alle dei sju laga som ligg innunder organisasjonen. Arbeidet som blir lagt ned i lokallaga i form av opplæring og tilskipping av sosiale møteplassar, er gull verdt!

Folkemusikkmiljøet har gjennom intensivt arbeid synt både politikarar og næringsliv at vi er ein stor ressurs og ei kraft å rekne med. Vi har difor ei rolle å fylle i regionale prosjekt som Valdres natur- og kulturpark og merkevareprosjektet.

Til hausten brakar det laus med «Bygda dansar». Endeleg er det Oppland sin tur til å huse denne kjempesatsinga, og truleg vil hovudbasen bli nett hjå oss i Valdres. Her må det vera mykje å ta tak i både for lokallag og regionlag dersom vi faktisk skal få bygda til å danse!

Eg gler meg til å ta fatt med eit rutinert og velfungerande styre, og med Solveig Hårdnes som ei klippe i tilværet. Det gler meg veldig at arbeidsjernet Aud Søyland held fram med produksjonsansvaret for Låt og Link, trass i at ho har trekt seg frå styret.

Då står det berre att å ynskje ein god vår til alle godtfolk!

Alice

FRIST FOR STOFF TIL LÅT O' LINK 2007

3/2007: 1. september

4/2007: 15. november

Fristane kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

PROSJEKTMIDLAR TIL FOLKEMUSIKK I VALDRES

Etter at Valdres folkemusikkgruppe vart nedlagd i 2006, vart det teke initiativ til å finne ein ny modell for å halde fram med den profesjonelle formidlinga av folkemusikk i Valdres. Valdres Folkemusikklag, Oppland fylkeskommune og Regionrådet for Valdres har no fått i stand ei støtteordning med ei årleg ramme på kr. 285 000.

Samarbeidet sikrar ei vidareføring av den profesjonelle folkemusikkformidlinga i regionen. Det skal leggjast vekt på mangfald og kvalitet, og det er utarbeidd ein 3-årig prosjektplan for 2007–2009. Prosjektet er forankra fagleg og administrativt til folkemusikkarkivet på Valdres Folkemuseum.

Ei styringsgruppe (leiaren i Valdres Folkemusikklag, ein representant for kulturskulane og ein representant frå kulturutvalet i Regionrådet) avgjer kven som skal få midlar, etter innstilling frå Valdresmusea.

Støtta blir gjeven som produksjonsstøtte til einskildpersonar og grupper som dansar, spelar eller syng i valdrestradisjon. Søkjarane kan få naudsynt hjelp til å arbeide fram produksjonar. Aktuelle målgrupper er skular, kulturskular og barnehagar.

Meir informasjon får du ved å kontakte folkemusikkarkivar Elisabeth Kværne ved Valdres Folkemuseum. Tlf.: 61 35 99 33, mobil: 900 45 834, e-post: elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no

Søknad med budsjett kan sendast til:

Folkemusikkarkivaren, Valdresmusea AS, Tyinvegen 27,
2900 Fagernes

Søknadsfrist 1. mai

UTDELING AV TORLEIV BOLSTAD MINNESTIPEND

Styret for Minnefonda vil med dette oppmode lesarane om å koma med framlegg til kandidatar til folkemusikkprisen for 2007, Torleiv Bolstad Minnestipend.

I statuttane står det at prisen skal delast ut til ein hardingfelespelar i Valdres i aldersgruppa 15 og 25 år som syner evne og vilje til å gå inn for folkemusikken frå Valdres.

Prisen vart oppretta i 1991 av Kjellaug Bolstad, og er til minne om spelemannen og mannen hennar Kjellaug, Torleiv Bolstad. Prisen blir delt ut annakvart år under hovudkonserten på Jørn Hilme-stemnet.

Send framlegg til kandidatar skriftleg (e-post eller brev) innan 1. juli til leiar i styret for Minnefonda, Knut Aastad Bråten, 2900 Fagernes / e-post: lauskar@hotmail.com.

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten
Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes. Opplag: 400
Ta gjerne kontakt med redaksjonen! Tlf.: 990 37 584 – E-post: aud.soyland@bbnett.no

KVA VIL ME MED LOKALKAPPLEIKEN OG RUNDANSSTEMNET?

”Ingen tvil: Valdres Folkemusikklag er eit at dei sterkaste og mest vitale regionlaga i Noreg,” sa Magnar Sundt under årsmøtet til Valdres Folkemusikklag 17. mars. Hilme-stemnet, Strunkeveko og ein bråte eminente utøvarar viser at valdrisane har mykje å vera stolte av. Dessverre kan ein ikkje seia det same om Lokalkappleiken og Runddansstemnet.

Kvart år på vårparten trør Valdres Folkemusikklag og eitt av dei seks regionlaga til med meisterskap i folkemusikk og folkedans for Valdres. Arrangementet har fått mykje kritikk dei siste åra. Låg deltaking og publikumssvikt har vorte viktigaste kjenneteikn for Lokalkappleiken og Runddansstemnet. Arrangementet i 2007 føyer seg inn i rekka av meir eller mindre mislykka lokalkappleikar og runddansstemner.

Kva går gale?

Utøvarane glimrar med sitt fråvær. Reint musikalsk manglar det ikkje på godbitane. Det gjorde det heller ikkje i år, men deltakinga er så lita at det i dei fleste klassene er under fem deltakarar. For nokre år sidan skar ein ned og slo saman fleire klasser. A, B, C og D vart til junior og senior. Vart dette til det betre? Neppes. Framleis utroper ein vinnarar av klasser med berre ein deltakar. Det heile kjennest latterleg.

Ein kan spørja seg om tida er moden for ei radikal endring av sjølve kappleiksforma? Kan ”kappleik” bli til ”mønstring”, og deltakarar til konsertaktørar? Kan ”beste spelemann” vera einaste klasse, og er det mogleg å klemme både langeleik-, toradar- og felespelarane inn her? Og kvifor skal ein skilja mellom runddans og bygdedans? Dans er dans, uavhengig om han heiter vals, reinlender, masurka eller springar.

Arrangementet i år

Det er glissent med publikum i gymsalen på Skrautvål skule. Matkøen får visst vera i fred, den òg. Kappleik i eige dalføra fylgjer ikkje suksessoppskrifta frå andre store folkemusikk- og dansearrangement i Valdres.

Arrangør i 2007 var Vårflaumen spel- og dansarlag. Og vårflaumarane, dei piskar inn, melder på, held publikum i ande og sel verdas beste lapskaus og sjokoladekaker til dei som vil ha det. Vårflaumen spel- og dansarlag gjorde ein god jobb, og er for lengst i gang med evaluering av og rekneskap for Lokalkappleiken og Runddansstemnet 2007. Arrangørteknisk er det alltid noko som kunne vorte gjort annleis, og det fyrste som slår ein, er manglande marknadsføring. For dårleg deltaking på kappleiken heng ikkje berre saman med at folk ikkje kom. Ein må også vita om arrangementet.

Nye nettsider for Valdres Folkemusikklag!
Sjå www.valdresfolkemusikklag.no

PÅ TRU OG ÆRE

Låt o' Link tok ein prat med det nye styret i Valdres Folkemusikklag. Kva slags ambisjonar har dei nye styremedlemmene for det komande året? Vil lagsarbeidet nå nye høgder, eller tek laget ein skikkeleg høneblund etter storløftet på Beitostølen i fjor? Arbeidsprogrammet er langt som eit uår, men kva får fyrsteprioritet i år?

Gro Arneng, styremedlem, Aurdal.

– Målsettinga mi det komande året er å leggje vekt på rekrutteringsarbeidet i Valdres, både i lokallaga, musikkskulen og i VfI. Eg vil også stå på for at Folkemusikkscena framleis skal vera eit godt tilbod til folk i Valdres. Elles så har vi jo eit godt og stort arbeidsprogram som blei vedteke på årsmøtet. Eg gler meg til å ta fatt på 2007, skriv Arneng i ei pressemelding frå kontoret sitt på Hjelle i Aurdal.

Alice Gudheim, styreleiar, Rogne

– Eg vil bli ein frykta diktator med kadaverdisiplin over Folkemusikk-Valdres, skriv Gudheim med store bokstavar.

Tone Voldhaug, styremedlem, Skrautvål/Rogne

– Det er tusen ting å arbeide med i Valdres Folkemusikklag, men akkurat no trur eg det er viktig å støtte opp om lokallaga og ungdomssatsinga, seier Voldhaug til Låt o' Link.

Ivar Hemsing, styremedlem, Hemsing i Vang

– Det er noko rart i dette dansemiljøet vårt: ikkje all dans er stoverein. Eg meiner at all dans er moro – og det er jo moro vi skal ha det! Det er heilt greitt at ein på kappleikar er nøye på kva slags dans som blir dansa, men på andre dansesamlingar meiner eg det ikkje skal vera så stivt kva slags dans som blir dansa. Mellom anna meiner eg Hilmis-stemnet må legge betre til rette for gamaldansen. Skal vi få den vanlege mann og kvinne i Valdres til å koma på Hilmis-stemnet, må vi legge godt til rette for den dansen folk kan, seier Ivar Hemsing på telefon frå Vang i Valdres.

Magne Olav Selland, styremedlem, Volbu

– Eg vil vera med på å halde oppe den høge aktiviteten som er i miljøet no. Dessutan ser eg for meg fleire faglege samlingar, både teoretisk-analytiske diskusjonar og/eller eit eige seminar for lydarlåt- og langeleikspelet, som begge er unike for Valdres, seier ein svært engasjert Selland.

Ingar Ranheim var det umogleg å koma i kontakt med då redaksjonen arbeidde med saka. Ifølgje Se og Hør er han og familien observert på ein russisk trålar i Svartehavet.

HILME-STEMNET – ALLTID LITT BETRE!

På programmet for Jørn Hilme-stemnet 2007 står ei rad kjende musikarar – alle med solid forankring i folkemusikken, sjølv om nokre er namn som vi kjenner like mykje frå andre sjangrar. Eit av dei arrangementa som verkeleg drog folk i fjor, var solefallskonserteren på Jaslangen. Vi har lyst til å gjera det igjen. Denne sommaren er det **Berit Opheim, Karl Seglem, Marit Mattisgard og Andreas Ljones** som toneset solnedgangen over Movatnet. Utgangspunktet for tekst og musikk er sjølve fjellet – slik utøvarane ser det.

For fyrste gong presenterer Hilme-stemnet sin eigen festival-artist: **Marit Mattisgard** har dei siste åra markert seg sterkt på mange frontar. Under Hilme-stemnet er ho òg med i kyrkjekonserten *Som lilja rein* og *I Lindemans fotefar* saman med Camilla Granlien og Gunnlaug Lien Myhr.

Eitt av høgdepunkta på Fagernes kan bli framsyninga *Bastard* av Hallgrim Hansegård med vener. Saman med dansarane Ingeleiv Berstad og Bruno Caverna og dei kjende musikarane/komponistane Terje Isungset, Frode Haltli og Rolf-Erik Nystrøm presenterer Hallgrim oss for styggen sjølv og ein gjeng andre tvilsame karakterar som du kan treffe på i den norske folkemusikken.

Kyrkjekonserten *Som lilja rein* blir framført i Hedalen stavkyrkje, St. Thomaskyrkja på Filefjell, Bruflat kyrkje og Tingnes kyrkje. Frå kvar sin musikaliske ståstad presenterer musikarane tekst og tone med utgangspunkt i jomfru Maria. Vi møter Marit Mattisgard, Berit Opheim, Håkon Asheim og Aage Kvalbein. Ein del av konserten er eit nyskrive tingingsverk av Nils Henrik Asheim bygd på m.a. solbøner og stevtonar.

Strunkeveko fyller ti år i år (sjekk jubileumsfargane på faldaren!), og den tradisjonelle festkonserten fredag blir ei storstilt feiring av ti år med strunkefeber. Alle utøvarane er på kvar sin måte stjerner på den norske musikkhimmelen. Møt mellom andre Valkyrien Allstars, Margit Myhr, Marit Rusten og Torkjell og Eli Børshem. I samband med konserten blir Torleiv Bolstads minnestipend delt ut til ein ung og talentfull hardingfelespelar frå Valdres.

Auka løyvingar til Hilme-stemnet

I 2007 mottek Hilme-stemnet 400 000 kr i festivalstøtte frå Norsk kulturråd. Dette er 100 000 meir enn i fjor. Før påske melde Kulturrådet at framsyningane Som lilja rein og Bastard mottek høvesvis 30 000 og 50 000 kr i tingingsverkmiddel. For Bastard får Hallgrim Hansegård 50 000 kr til koreografi. Årleg mottek vi òg driftsstøtte frå Oppland fylkeskommune og Regionrådet for Valdres. I tillegg yter dei fire hovudsponsorane våre større bidrag. Dei fire er Avisa Valdres, Valdres Folkemuseum, Valdres Sparebankgruppe og Valdres Energiverk. 7500 besøkte arrangementa under festivalen i fjor, og omsetninga var på vel 1,2 millionar kroner.

Valdres-namna på programmet er som vanleg ikkje få. Laurdag kveld får vi konsert med Engebret Ringen, Jan Arne Sebuødegård og Ingebjørg Haugene. Sondag held Johanna Fuglesteg eventyrstund for dei minste. Vi møter òg minst eit par kjenningar når Herr Ole har konsert litt seinare på kvelden. Lillebjørn Nilsen står i ei særstilling mellom norske låtskrivarar og visesongarar. Han er dessutan ein av dei største tilhengarane til feledesperadoane i Valkyrien Allstars. På Hilme-stemnet møter Ola, Tuva og Erik meisteren på scenen!

Årets festivalutstillar er Eva Laila Hilsen. Ho stiller ut i sitt eige Galleri Hilsen i Garlivegen 7. Gamaldanskarusell blir det i år òg, og laurdag kveld spelar både Aage Sogns orkester og Jutullaget til dans. Faldaren er i omløp frå 16. april, og på www.hilme.no finn du heile programmet!

Kom på kurs!

I år skipar vi til tre kurs i valdresspringar, eitt for nybyrjarar og to for vidarekomne på litt ulike nivå. I samarbeid med Strunkeveko held vi for fyrste gong kurs i folkedans som scenisk verkemiddel. Kurset er retta mot ungdom mellom 16 og 23 år. Det blir òg kurs i laus, song, langeleik, valdresspel på hardingfele, munnharpe og seljefløyte – i tillegg til dei populære gratiskursa i gamaldans og bonde. Påmeldingsfrist 15. mai for ungdomskurset, 10. juli for dei andre. Til kursa i gamaldans og laus er ikkje påmelding nokon føresetnad. Sjå fullstendig kursprogram på www.hilme.no.



Håkon Asheim, Berit Opheim, Marit Mattisgard og Aage Kvalbein framfører eit tingingsverk av Nils Henrik Asheim i fire kyrkjer i Valdres under Hilme-stemnet.

PRIMSTAVEN VÅREN 2007



APRIL

Onsdag 11.4. kl. 19.30: Springarøving på Kvamshall, VS.

Torsdag 12.4. kl. 19.15 : Lått o Leven, Midtre Hegge skule, ØS.

Sundag 15.4. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Onsdag 18.4. kl. 19: Årsmøte i Vårflaumen på Frydenlund, Aurdal.

Torsdag 19.4. kl. 20: Den Store Norske Gitarkvartett på Folkemusikkscena, Fagerlund Hotell.

Laurdag 21.4. kl. 20.30: Folkepub på Fosheim, VS.

Måndag 23.4. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, Valdreslaget

Onsdag 25.4. kl. 20.30: Springarøving på Kvamshall, VS.

Sundag 29.4. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS.

MAI

Fredag 4.5. kl. 20: Fredagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Torsdag 10.5. kl. 19.15: Lått o Leven, Midtre Hegge skule, ØS.

Laurdag 12.5. kl. 19.00: Kulturkveld på Kvamshall – 100 år sidan Knut Snortheim vart fødd. Sjå eiga omtale. VS.

Sundag 13.5. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Måndag 14.5. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, Valdreslaget

Onsdag 23.5. kl. 19.30: Springarøving på Kvamshall, VS.

21.5.–27.5.: Den Norske Folkemusikkveka, Ål.

Sundag 27.5. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS.

JUNI

Fredag 1.6. kl. 19: Fredagsdans i Spelemannstogo, konsert med elevar frå Låt og leven og Mehanken, ØS.

Sundag 3.6. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Måndag 4.6. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, Valdreslaget

Onsdag 6.6. kl. 19.30: Springarøving på Kvamshall, VS.

Torsdag 7.6. kl. 19.15: Lått o Leven, Midtre Hegge skule, ØS.

Sundag 10.6. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Laurdag 16.6. kl. 19: Minnekonsert etter Olav Jørgen Hegge, Olav Viken og Ingvar Hegge, Herangtunet, ØS.

Måndag 18.6. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, Valdreslaget

Onsdag 20.6. kl. 19.30: Springarøving på Kvamshall, VS.

27.6.–1.7.: Landskappleiken på Geilo.



JULI

Fredag 6.7. kl. 19: Fredagsdans i Spelemannstogo med oppsummering frå Landskappleiken, ØS.

22.7.–29.7.: Strunkeveko, Valdres folkehøgskule, Leira. Vfl.

23.7.–29.7.: Jørn Hilme-stemnet, Fagernes. Vfl.

Årsmøte i Vårflaumen spel- og dansarlag

onsdag 18. april kl. 19.00 på Frydenlund i Aurdal.

Vanlege årsmøtesaker.

Styret i Vårflaumen ynskjer alle velkomne!

Folkemusikkscena i Valdres

Torsdag 19. april arrangerer folkemusikkscena konsert med Den Store Norske Gitarkvartett på Fagerlund Hotell. Konserten startar klokka 20.00. Inngang er 100 kroner for vaksne og 70 kroner for skuleungdom.

Den Store Norske Gitarkvartett består av Tore Bruvoll, Øystein Sandbukt, Annar By og Vidar Skrede. Les meir om artistane i Låt o' Link 1/2007.

Kulturkveld på Kvamshall

I år er det 100 år sidan Knut Snorheim vart fødd. Dette vil me markere med kulturkveld på Kvamshall, laurdag 12. mai.


Knut Snorheim var ein allsidig kulturhøvding. Han var tradisjonsberar av folkemusikk, han var rosemålar og instrumentmakar. Mange er dei som lærde sløyd og folkeviseleik av han. Me ynskjer å presentere dei ulike sidene hans denne kvelden. Håkon Asheim, Tellef Kvifte, Elisabeth Kværne, Gunnar Kværne Amundsen og Gro Arneng vil stå for det musikalske. I tillegg vil langeleikjentene i kulturskulen bidra. Eli Sælid fortel om Knut Snorheim som rosemålar. Det blir utstilling av instrument og møblar han har laga og måla, og ein vonar å få tak i bilete. Etterpå blir det dans. Vel møtt til alle!

Styret i Vestre Slidre folkemusikk- og danselag

Springarkurs

Arne Bäckmark frå Valdreslaget i Oslo held kurs i valdresspringar laurdag 23. juni under Folkekulturfestivalen i Oslo. Kurset er ope for alle. Fredag 22. juni er det bygdedansfest i Nordahl Bruns gate.

Arrangør: Valdreslaget i Oslo, NU og dei andre bygdedanslaga.



Mjølkerampa

På jakt etter toraderstoff fra Valdres

Ingunn Bjørgo er stadig på jakt etter gammel valdrestradisjon på torader. Sitter du på opptak, noter, historie eller rett og slett kan spille gammelt materiale, ta gjerne kontakt på post@askerfolk.no eller tlf 913 24 861.

Både runddans og bygdedansmateriale er av interesse.

Frode Rolandsgard fekk sterk kritikk etter usakleg bunad-argumentasjon i førre nummer av Låt o`Link. No har han funne støtte for synet sitt i ein artikkel i det svenske folkemusikkmagasinet Lira. Redaksjonen vil, etter sterk bøn frå Frode, ta inn artikkelen i Låt o` Link. Heile artikkelen kan du lesa her:

<http://www.lira.se/index.htm?http&&www.lira.se/sidor/nummer/artiklar.php?id=348&nummer=2-2007>

Dansen sitter inte i kläderna

I Norge råder en mera avspänd klädkod runt folkdansen. Danskvällen startar hemma i garderoben. Vad ska jag ta på mig? Hur är klädkoderna på stället jag ska till? Är jag på humör att sticka ut eller ska jag bara smälta in? Vem vill jag vara? I Norge är allt mycket enklare. Äldre damer dansar i sina vanliga skor, nybörjare i moderna stövlar. När jag åker dit tar jag inte ens med den vackra, vida linnekjolen som kan stå som en blomkalk i snurrarna. I Norge behövs inget retromode.

Eftersom flera av deras äldre danser har gått i levande tradition, befinner sig dansarna helt och hållet i nutiden. Många har lärt sig dansa hemma i köket. Musiken har fångat in dem och utlovat njutning för den som sätter sig i rörelse: glädjen att införliva musiken på djupet, att göra kroppen smidig oavsett antal kilon, att möta någon i gemensam rytm, ansvarslost, anonymt.

Valdresspringar är ännu en levande sällskapsdans. Denna dansen lärs ut på kurser runt om i Norden, men inte förrän utanför gymnasalarna får de liv. Som i juli på Jørn Hilme-stämman i Fagernes, i hjärtat av Valdres. Valet av kläder handlar inte bara om hur jag vill se ut och röra mig. På tävlingsnivå, som uppställningar för polskmärken i Sverige och kappleikar i Norge, ser man en tydlig skillnad mellan

svensk och norsk attityd. På svenska sidan bör man klä sig som en bondefamilj på väg till kyrkan på 1800-talet, för att få sin dans bedömd.

Vid Landskappleiken är det en allmänt hög dräktfaktor (bunadsfaktor), men en hel del väljer att visa sin danskunnighet i vår tids kläder. Praktiskt, billigt! Musikerna är fria att klä sig i lätta sommarkläder, även när deras dansare klätt sig i ylle och tunga silverbälten. På Landsfestivalen, där musiker tävlar i att spela gammaldans, har jag sett dragspelare i snäva jeanskjolar och en basist i stålmannentröja. Småviltlaget ser tuffa ut i svarta t-tröjor och svarta jeans. Som svensk i publiken får man en tankeställare. I Norge tycks man visa med kläderna, att dansen och musiken är viktigast. Den traditionella dansen blir nutida, även om dess former fastlagts med filmer och uppteckningar som grund.

Att i svenska danssammanhang mjuka upp den fasta förbindelsen mellan bygdedräkter och bygdedans skulle kunna innebära att flera, både infödda och invandrare, välkomnas i polskornas underbara värld, utan att behöva klä sig i ylle.

Anne Brügge

REGIONALT KOMPETANSESENTER FOR FOLKEMUSIKK I VALDRES?

I april går det eit brev frå SAMSTEMT-organisasjonane (LfS, NFD, Norsk rockeforbund og Norsk Jazzforum) til kulturdepartementet med ønske om midlar til oppretting av regionale kompetansesenter for rock, jazz og folkemusikk. Tanken er at det skal opprettast regionale miljø som kan ta på seg å vera drivkrefter for musikkutviklinga i ein region.

Rocken og jazzen er allereie i ferd med å opprette slike miljø i byane. For folkemusikken er situasjonen annleis. Aktuelle miljø finn ein på bygdene, til dømes i Bø, Førde, Voss, Vågå, Målselv – og sjølv sagt Fagernes. Fleire av desse miljøa er alt i gang med å søkje om midlar, så no er det viktig at vi i Valdres ikkje er smålåtne.

På Fagernes har vi allereie det største regionale kompetansesenter for folkemusikk i landet. I folkemusikkens hus på museet arbeider rundt ti personar på del- og heiltid med å organisere, forske, bygge instrument, publisere og arkivere. Dette er eit unikt miljø – også i landssamanheng. Siste tilskotet til miljøet er redaktøren i Spelemannsbladet, som har fått kontor plass her.

Ei laust samansett arbeidsgruppe frå museet og folkemusikklaget arbeider no med eit forprosjekt. Dette skal resultere i ein søknad om midlar til styrking av folkemusikkens hus som regionalt kompetansesenter i Valdres. Koordinering av felles tiltak, styrking av Folkemusikkscena, Ung i Valdres, merkevareprosjektet, Bygda dansar og den nyoppretta potten for folkemusikkformidling i Valdres er døme på tiltak som kan følgjast opp av Folkemusikklaget og eit regionalt kompetansesenter.

Frode Rolandsgard

OPE STRUNKETAKKEBREV TIL FRODE

Eg sit med ein skinande flott faldar i hendene: ”10 år! Strunkeveko 2007”. Kven skulle ha trudd for snaue ti år sidan at denne sommarsamlinga for ungdom skulle vekse seg rett til himmels?

Hausten 1997 sat ein gjeng samla til møte i rådhuset på Fagernes og drøfta om det var mogleg å få til eit sommarkurs i folkemusikk, som ein parallell til Valdres Sommersymfoni. Frode Rolandsgard hadde kome til rektor for musikkskulen i Nord-Aurdal, Jon Gjesdal, med ideen, fordi Gjesdal var ein av dei som drog i gang Sommersymfonien. Gjesdal kalla saman musikkskulelærarar og folk frå folkemusikkmiljøet, men gjorde det klart at Nord-Aurdal musikkskole, som det heitte den gongen, ikkje hadde kapasitet til å arrangere eit sommarkurs til.

Frode Rolandsgard var til stades på møtet, og eg var der for Vårflaumen. Alle tykte at det var ein god idé å dra i gang eit sommarkurs i folkemusikk, men det var berre Frode og eg som hadde høve til å arbeide med saka der og då. Dermed gjekk me i gang – kontakta Valdres Folkehøgskule om lokale, planla kurstilbodet og sende søknader om støtte til Valdres-kommunane og til statlege kulturinstitusjonar. I dei fyrste søknadspapira heitte veka ”Sumarkurs i folkemusikk for barn og unge”. Ganske snart føreslo Frode namnet Strunkeveka, som han lånte frå nedskrivningane til Knut Hermundstad. (Etter to år vart det endra til Strunkeveko.)

Tidleg engasjerte me Ellen Persvold som dagleg leiar, og 19. juli 1998 kunne me ta imot 68 ungdommar som hadde søkt seg til Valdres for å delta på det nye folkemusikk-kurset. Mokuset i Sunnfjord hadde gitt oss ein del idear om korleis me skulle leggje opp kurset. Men i tillegg til spelkurasa omfatta vårt tilbod dans frå fyrste stund – kurs i halling og godkarstykke.

Valdres Folkemusikklag hadde trong økonomi då me starta, og var ikkje aktuell som ”garantist” i tilfelle Strunkeveko skulle få økonomiske vanskar. Øystre Slidre spel- og dansarlag og Vårflaumen stod difor som formelle arrangørar av Strunkeveko dei to fyrste åra, i samarbeid med Norsk Musikkråd – Oppland. Men frå 2000 var det Valdres Folkemusikklag som var arrangør, og etter kvart har Strunkeveko og Jørn Hilde-stemnet utvikla eit nært samarbeid.

Etter ni somrar har Strunkeveko kurasa nærare 800 deltakarar, viss ein summerer det totale deltakartalet. Mange har kome att år etter år. Den tiande Strunkeveko – i 2007 – inneheld alle kurstilboda frå det fyrste året, og dessutan kurs i arrangering, eldre folkemusikkinstrument og folkedansteater. Elevane får systematisk danseundervisning, og konsertane er fylte med ”Hocus pocus”, djevleskap og magiske klokkelåttar.

Frode, du kjem vel innom Strunkeveko 2007, slik at folkemusikkmiljøet kan hylle deg for den glimrande ideen du hadde for ti år sidan?

Helsing Aud

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løssøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres (IV)

ANNA FUGLESTEG

Stemma er kanskje det mest personlege instrumentet som finst. Hardingfele og langeleik har generelt hatt ein høgare status enn tradisjonssong. Songen var meir sett på som ei privatsak i heimen, og då helst ein kvinnesyssele. Anna er ein tradisjonsberar som verkeleg sette valdressongen på kartet – ei som fekk oss til å smile, og ei som fekk oss til å gråte. Og eg for min del hugsar ho best med stikkordet songglede!

Anna vart fødd i 1921 og bar jentenamnet Lie. Ho voks opp med spelemenn på alle kantar. Nærmaste granne var "Ukshøvd'n" – spelemannen Ola Okshovd, og det var rett som det var besøk av spelemenn i barndomsheimen. For Anna var det å hulle låttar like så naturleg som å syngje songar med tekst. Dei viktigaste songkjeldene hennar Anna var, ifølgje ho sjølv, mora Berit Lie Haugen, mormor Gjertrud Haugen, morfar Gudbrand N. Dokken og farsyster Marit Okshovd.



Anna får kulturprisen i Øystre Slidre i 1992

mestein i Øystre Slidre. I tillegg var dei vertskap på Skogadalsbøen i Jotunheimen i 21 år! Somrane i fjellet var noko Anna stadig trekte fram som særst gode minne.

Anna deltok på fleire kvedarseminar, Landskappleiken og andre kappleikar. Ho gjorde opptak for folkemusikksamlingar, radio og fjernsyn. Og ikkje minst stilte ho opp på ei lang rekkje større og mindre tilstellingar og konsertar. Ein periode var ho tilsett i Valdres folkemusikkgruppe. I 1992 vart ho æra med Øystre Slidre kulturpris.

Valdres folkemusikkarkiv gav for ein del år sidan ut ein kassett med songar og eventyr med Anna. Denne kassetten vart svært populær. I 1995 gav Valdres Folkemusikk-

Anna synte stor entusiasme og glede ved å syngje, og ho er truleg den fyrste som sto for organisert opplæring i tradisjonssong i Valdres. Anna var ei eldsjel som gjerne ville dele og lære bort songar og songstubbar til andre. I 1978 stifta ho songgruppa "Spørven" i Beito-stølen barnehage, og dette vart starten på mange år med inspirerende og sosiale aktivitetar i ulike samanhengar. Fleire generasjonar fekk nytte godt av Annas viser, songstubbar og eventyr. Ho var raus til å lære ifrå seg, og ho gjorde kvar-dagssongen kjend og populær utanfor heimen. Ho vart ein ambassadør for songtradisjonen i dalføret vårt.

Anna og mannen Erling fekk fem ungar: Knut, Berit, Johanna, Anne Gro, og Eli Marit. Familien var busett i Skamm-

lag ut boka ”Anna” – Tradisjonssong frå Valdres – med tekstar og notenedskrifter. Boka kan du kjøpe i Valdres folkemusikkarkiv.

Anna vart borte i 1999, men songane hennar lever vidare – ikkje minst i neste generasjon Fuglesteg!

Bente Hemsing

INGUNN BJØRGO OG ASLE TRONRUD KLAR MED NY CD

Ingunn Bjørgo og Asle Tronrud spiller i gammeldansgruppa AskerLadden. Da komposisjonene etter hvert gikk langt utover gammeldansgenren, meldte behovet seg for et nytt band, og Bjørgo Band var et faktum. Her har Ingunn byttet ut trekkspillet med torader. Bjørgo Band er klar med sin første cd ”Borderland – Grenseland”. Musikken er signert Ingunn Bjørgo, mens Roger Tallroth (Väsen(S)) står for alle arrangement. Musikken er en god miks av rolig og rått, heftig og beveget – med bindinger til irsk, amerikansk, svensk og norsk folkemusikk. Platen er spilt inn



hos Ingar Helgesen, og plateslipp-konserten blir i Asker Kulturhus 6. mai kl. 19.30. Dette blir første konsert i Norge. Etter konserten spiller AskerLadden til dans.


Bjørgo Band debuterte i juni 2005 på svensk radio. I juni 2006 ble et eget program om bandet sendt i svensk radio i forbindelse med Ransätersstämman, der Bjørgo Band hadde en times konsert lørdag kveld.

Bandet er forholdsvis nytt, men besetningen er godt kjente musikere med lang fartstid i bransjen. Foruten Ingunn Bjørgo (torader) og Roger Tallroth (gitarer) består bandet av Åsmund Reistad (kontrabass), Tore Bruvoll (gitarer), Stian Aase (accordion) og Asle Tronrud (hardingfele).

Cd-en er tilgjengelig i musikkbutikker, nettbutikker og til nedlasting fra 2. mai. Coveret er tospråklig med norsk og engelsk tekst, der man får med de humoristiske historiene bak låtene. Og mange av låtene er blitt til nettopp i Valdres.

Fire låter fra platen ligger ute på www.myspace.com/bjorgoband/
www.bjorgoband.no

B



Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/Kontaktperson	Telefon	Mobiletelefon	E-post
Begynneljom spel- og dansarlag	Trygve Bolstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Etnedal spel- og dansarlag	Elihen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvellen spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	hemsing@c2i.net
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randifoer@online.no
Varflaumen spel- og dansarlag	Gunnar Kvarerne Amundsen		971 85 725	hjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	sissd-lie@online.no
Valdres Folkemusikklag	Alice Gudheim		971 81 545	alice_gudheim@hotmail.com
Låt o' Link, redaktør	Aud Soyland	61 36 25 56	990 37 584	aud_soyland@bnett.no
Vfj og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdres	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no
JH-stemmet, infoleiar	Kari Hauge		993 29 342	info@hline.no
JH-stemmet, styrerleiar	Karen Marie Kvale Gårthus	61 34 75 67 (p)	480 25 964	kma-kvam@online.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland		994 48 486	leiar@strunkeveko.no
Strunkeveko, styrerleiar	Ole Aarstad Bråten		907 63 635	olbratne@online.no
Valgag i tradisjonsdans	Stian Roland		907 22 690	rolandstian@hotmail.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kvarerne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvarerne@valdres.museum.no
Instrumentverkstaden	Knut Ophelmsbakken	61 35 99 30 (a)		
LFS	Oddrun Hege	61 35 99 30 (a)		
LFS, dagleg leiar	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
Spellemannsbladet	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	fs@folkemusikk.no
	Knut Aarstad Bråten		907 68 797	spellemannsbladet@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES